



**SAKSFRAMLEGG**

**Budsjett 2024 med handlingsdel og budsjett og økonomiplan 2024 - 2027**

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskapet	132/23	29.11.2023
Kommunestyret		14.12.2023

**Kommunedirektøren si tilråding:**

- 1) Kommunestyret vedtek forslag til budsjett 2024 og økonomiplan/handlingsprogram 2024 - 2027 slik det ligg føre i innstillinga frå kommunedirektøren. Jf. kommunelova § 14-3. 4 ledd, vert formannskapetets framlegg til økonomiplan og årsbudsjett lagt ut til offentlig ettersyn i 14 dagar.
- 2) Det kommunale skatteøyret vert fastsett til dei maksimalsatsar som Stortinget vedtek.
- 3) Kommunestyret vedtek følgjande for eigedomsskatteåret 2024 i Seljord kommune:
  - A. For eigedomsskatteåret 2024 skal det skrivast eigedomsskatt på kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum, jf. eigedomsskattelova § 3 første ledd bokstav c.
  - B. For eigedomsskatteåret 2024 skal det òg skrivast ut eigedomsskatt på eit "særskilt fastsett grunnlag" i samsvar med overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og 4 første ledd. Det særskilte grunnlaget skal i 2024 vere lik 1/7 av differansen mellom eigedomsskattegrunnlaget i 2018 og 2019 som er forårsaka av at produksjonsutstyr og installasjonar ikkje skal reknast med i grunnlaget for verk og bruk, som frå og med 2019 blir rekna som næringsseigedom.
  - C. Den alminnelege eigedomsskattesatsen for skatteåret 2024 er 7 promille. Jf. eigedomsskattelova § 11 første ledd.
  - D. Eigedomsskatten vert skriven ut i tre terminar, jf. eigedomsskattelova § 25 første ledd, med forfall 20. mars, 20. juli og 20. november.
- 4) Kommunestyret vedtek løyvingar og finansiering i økonomiplanen sin investeringsdel, deriblant for investeringsbudsjettet 2024, slik det går fram av oppstillinga *løyvingsoversyn etter § 5-5, 1. og 2. ledd* som vist i det framlagde budsjettdokumentet frå kommunedirektøren.

Kommunestyret vedtek ei låneramme på kr 33.988.000 til finansiering av investeringsprosjekta, og med 30 år som nedbetalingstid for låneopptaket.

Kommunedirektøren får fullmakt til å ta opp lån innanfor denne ramma, og i tillegg låneopptak for inntil kr 10.000.000 til Startlån i 2024.

- 5) Kommunestyret vedtek løyvingar og finansiering i økonomiplanen sin driftsdel, deriblant for driftsbudsjettet 2024, slik det går fram av oppstillinga *løyvingsoversyn drift etter § 5-4, 1. og 2. ledd* som vist i det framlagde budsjettokumentet frå kommunedirektøren.
- 6) Kommunale avgifter vert vedtekne etter prinsippet om sjølvkost. Innan VARFS-området (vatn, avløp, renovasjon, feiing og slamtøming) vert sjølvkost rekna ut i frå prinsippet om 100 % dekningsgrad. Andre kommunale prisar og gebyrsatsar blir vedtekne slik det går fram av Gebyroversikten.
- 7) Det igangsettast eit omstillingsprosjekt som skal skape varige endringar for ei sunn økonomisk drift og dimensjonering og organisering av tenester i heile kommunen. Omstillingsbehovet er berekna til 10 mill. kr.

### **Innleiing:**

Budsjett og økonomiplanen omfattar verksemda til heile kommunen, og gir oversikt over sannsynlege inntekter, forventa utgifter og prioriterte oppgåver i planperioden.

Det første året legg rammer for årsbudsjettet, dei resterande for vidare planlegging.

Kommunestyret fekk i eit møte den 2. november ei orientering om kommunedirektøren sitt arbeid med budsjett 2024 og budsjett og økonomiplan 2024 – 2027.

### **Fakta:**

Kommunedirektøren legg med dette fram forslag til budsjett 2024 og økonomiplan med handlingsdel 2024 – 2027. Rammene for dokumentet bygger på gjeldande økonomiplan og framlegg til statsbudsjett for 2024.

Kommunedirektøren legg for andre gong fram budsjett og økonomiplan digitalt.

Link til forslaget her: [https://pub.framsikt.net/2024/seljord/bm-2024-økonomiplan\\_og\\_budsjett](https://pub.framsikt.net/2024/seljord/bm-2024-økonomiplan_og_budsjett)

Det ligg også ved saka som samla dokument.

### Føresetnader for ramma

Rammene til tenesteområda er justert for prisvekst på 3,4 %, deflator 4,9 % og lønnsvekst 6 %.

Lønnsoppgjeret i år kosta kommunen dyrt, men har vore naudsynt med tanke på å rekruttere og behalde medarbeidarar. I tillegg til lønnsveksten på 6 % er T-trinn justert med 25 % då einingane har vore underkompensert på ramma for dette og fastlegane har fått ei lønnsauke på vel ein million kroner utover 6 % som Helsesenteret er særskilt kompensert for.

Matvareprisene har auka kraftig og at einingane, og ikkje minst produksjonskjøkkenet har vore underkompensert for dette. Alle matpostane i budsjettet er auka med 30 %.

Forsikringane er auka med 7,8 %.

### Investeringar.

Investeringa på Nesbukti - delprosjekt 3, som kommunedirektøren har lagt inn i investeringsbudsjettet frå 2025 og i 2026, vil føre til ei betydeleg auke i renter og avdrag som blir

belasta driftsbudsjettet. I tillegg kjem auka kostnader til drift i heimesjukepleia som følgje av utbygginga. Denne investeringa gjer det krevjande å få eit budsjett og ein økonomiplan i balanse.

For at auka i renter og avdrag ikkje skal bli alt for store i driftsbudsjettet, har kommunedirektøren lagt fram eit investeringsbudsjett som er avgrensa betydeleg samanlikna med dei forslaga som tenestoområda har kome med. Mange av dei kutta som er foreslått av kommunaldirektøren smerter. Det er tiltak som er politisk vedtekne og sterkt ynskja. Kommunedirektøren meiner likevel at skal vi makte det løftet som investeringa på Nesbukti er, må det få konsekvensar for investeringstakten på tenestoområda til oppvekst og samfunnsutvikling og drift.

Følgjande investeringar er føreslått eller vidareført:

Investeringsprosjekter	Økonomiplan				Sum
	2024	2025	2026	2027	2024-27
<b>Skatt, rammetilskot og budsjettavvik</b>					
Agresso ERP kommune	280	0	0	0	280
FKB kartlegging geovekst	164	0	0	0	164
Aksjar, andelar og selskapskapital	820	820	820	820	3 280
Asfaltering Brøløs og Nordbygdivegen	3 625	0	0	0	3 625
IT	0	25	0	0	25
Nordbygdi næringspark. Kommunale vegar, erosjonssikring av bru	375	0	0	0	375
Prosjekt utbygging på Nesbukti pleie og omsorgssenter	500	42 409	84 819	0	127 728
Seljord barne- og ungdomsskule	3 750	0	0	0	3 750
Søppelsortering på kommunale bygg	250	250	0	0	500
Trafikktryggleikstiltak	1 000	1 000	1 000	1 000	4 000
Turvegbru over Vallaråi	4 350	0	0	0	4 350
Renseanlegg Seljord	15 000	5 000	0	0	20 000
Utsifting ledningsnett	3 000	3 000	3 000	3 000	12 000
VA-nett til Sinnesodden	7 000	0	0	0	7 000

I tillegg kjem kr. 10. mill. til Startlån (lån til vidareutlån) per år i heile økonomiplanperioden.

I budsjettforslaget kan ein sjå oversikt over ynskja investeringar som ikkje er med i kommunedirektøren sitt forslag, og ein oversikt over dei tidlegare vedtekne investeringane som er tatt ut eller redusert.

### Gebyr/eigebetaling

Det er føreslått følgjande endringar i gebyra i samband med budsjett og økonomiplanen for 2024 - 2027. Gebyra er inkl. mva.

- Fellingsavgifter er auka i samsvar med maksimal sats for fellingsavgifter som er bestemt av Miljødirektoratet. Kommunen har større kostnader enn inntekter på dette området og bør difor bruke maksimalgebyret.
- Gebyra på plan, byggjesak og oppmåling/matrikulering er auka med omlag 5 % i gjennomsnitt. Ingen av områda hadde 100 % sjølvkost i 2023. Det er truleg budsjettert noko for høgt med inntekter på desse områda då vi ser at aktiviteten i marknaden går ned.
- Gebyra i barnehage er regulert i tråd med ny maksimalpris frå regjeringa, dvs. kr 1.500 pr. barn for full plass, 5 dagar, gjeldande frå 1. august 2024. Det er ned frå kr 3.000 og vil vere ein betydeleg reduksjon for barnefamiljar. Gebyra på SFO er ikkje auka i 2024. I kulturskulen er prisen sett opp med 5 %
- På sjølvkost er det som vanleg gjennomført berekning på gebyra ved hjelp av konsulentfirma Momentum. Gebyret på avlaup går opp 1,5 %, vatn går ned -7,9 % og slam aukar med 15 %.
- På spørsmål frå politisk leining har Momentum også berekna kor mykje gebyret vil auke ved investeringa i nytt reinseanlegg som ligg inne i investeringsbudsjettet. Av årsgebyret på avlaup i 2026 vil kr 1.918 vere ein direkte konsekvens av denne investeringa, i 2027 vil andelen av avløpsgebyret som skuldast reinseanlegget vere kr 1.874, dvs. 14 % av det totale gebyret på avløp. Gebyrinntekter på avløp vil auke med kr 183.000 i 2024, kr 280.000 i 2025, kr 874.000 i 2026, kr 856.000 i 2027 og kr 843.000 i 2028.

### Disposisjonsfond:

Etter rapportering 2. termin 2023, er disposisjonsfondet på 27 millionar kroner ved utgangen av 2023.

Under ligg ei oversikt over bruk av fondet i 2023:

Disposisjonsfond (balansekonto 25650001)	Beløp
Inngående balanse 31.12.2023	-28 889 780
Bruk av disp.fond. K.sak 95/22, 08.12.22 Opphavleg driftsbudsjett 2023	4 444 928
Bruk av disp.fond. K.sak 25/23, 16.03.23 Budsjett skule og oppvekst	2 087 000
Bruk av disp.fond. K.sak 40/23, 04.05.23 Legevikar	3 200 000
Avsetjing til disp.fond. K.sak 60/23, 15.06.2023 1. tertialrapport 2023	-21 819 000
Bruk av disp.fond. K.sak 65/23, 15.06.23 Vedlikehald bygg	3 500 000
Bruk av disp.fond. K.sak 70/23, 15.06.23 Tiltak i skulebakken	500 000
Bruk av disp.fond. K.sak 71/23, 15.06.23 Vedlikehald Kunstlåven	350 000
Bruk av disp.fond. K.sak 72/23, 15.06.23 Granvin Kulturhus. Kulturstøtte	350 000
Bruk av disp.fond. K.sak 73/23, 15.06.23 Seljord IL. Raudkleiv skianlegg	500 000
Bruk av disp.fond. K.sak 74/23, 15.06.23 Nasjonalt Landstadsenter	40 000
Bruk av disp.fond. K.sak 82/23, 15.06.23 Seljord Frivilligsentral	140 000
Bruk av disp.fond. K.sak 43/23, 04.05.23 Stilling øk.avd. 6 mnd.	450 000
Bruk av disp.fond. K.sak 84/23, 05.07.23 Seljord skule	500 000
Bruk av disp.fond. K.sak 84/23, 05.07.23 Seljord barnehage	600 000

Bruk av disp.fond. K.sak 84/23, 05.07.23 Flatdal oppvekstsenter	750 000
Bruk av disp.fond. K.sak 88/23, 07.09.23 Nordbygdi næringsområde (invest.)	107 000
Bruk av disp.fond. K.sak 94/23, 07.09.23 Vestlandsbana o/Haukeli	25 000
Bruk av disp.fond. K.sak 104/23, 05.10.2023 El. overvaking beitedyr	70 000
Saldo per 07.09.2023	-33 094 852
Tertialrapportering per 2 i 2023 (Månadsrapportering Aug 2023)	6 105 000
Utgående balanse 31.12.2023??	-26 989 852
Differanse Inngående balanse/Utgående balanse	1 899 928

## Vurdering:

Det vil bli tøffe økonomiske år i komande økonomiplanperiode. Budsjettet for 2024 og komande økonomiplanperiode handler om korleis drifta til Seljord kommune skal tilpassast dei økonomiske rammevilkåra, som også ivaretek auka gjeldsbelastning i åra framover.

Rekneskapsrapportar frå 2023 og tidlegare år viser at den underliggjande drifta har hatt eit nesten regelmessig meirforbruk, utan at det er tatt høgde for i det påfølgjande budsjettarbeidet.

Ramma i forslag til statsbudsjett for 2024 gir ein vekst i frie inntekter som så vidt dekkjer løns- og prisvekst og auka pensjonskostnader, og dei underliggjande utfordringane vi har med oss frå tidlegare må framleis løysast ved omprioritering. Økonomiplanen viser at ein konsekvens av auka investeringar og vidareføring av dagens drift, vil gi netto driftsresultat i minus utover i perioden. Målet i handlingsreglane vil vere vanskeleg å oppnå og disposisjonsfond må brukast for å saldere drifta. Dette held berre ei stund, og er ikkje berekraftig.

Med bakgrunn i demografiendringar med påfølgjande endringar i behov og oppgåver på dei ulike tenesteområda, har kommunedirektøren i sitt forslag prioritert helse og omsorg. Det er i budsjett- og økonomiplan 2024 - 2027 lagt inn ei heilt nødvendig auke i investeringar og drift på dette området. Det er ei dramatisk auke som må til for å møte framtida på området. Ei slik storsatsing gjer at det er lite rom for å prioritere andre tenesteområde, og handlingsrommet er strekt for at vi skal kome oss gjennom 2024.

Eit hovudtiltaka i kommunedirektøren sitt budsjettforslag er at ein raskt på nyåret sett i gang eit omstillingsprosjekt der ein går igjennom drifta på alle tenesteområda. Omstillingsbehovet er berekna til 10 millionar kroner i økonomiplanperioden 2024 - 2027, og prosjektets mål er å skape varige endringar for ei sunn økonomisk drift og rett organisering og dimensjonering av tenester i heile kommunen. Om ein ikkje lykkast med det i løpet av 2024, er det kort veg til å måtte innføre eigedomsskatt for å få eit budsjett i balanse. Det må gis heilt konkrete tal på kva kvart enkelt område må finne løysingar på, og dette må gjerast i tett dialog med tillitsvalde, formannskap og kommunestyret slik at arbeidet er godt forankra.

## Konklusjon:

Kommunedirektøren rår kommunestyret å fatte fylgjande vedtak i saka:

- 1) Kommunestyret vedtek forslag til budsjett 2024 og økonomiplan/handlingsprogram 2024 - 2027 slik det ligg føre i innstillinga frå kommunedirektøren. Jf. kommunelova § 14-3. 4 ledd, vert formannskapetets framlegg til økonomiplan og årsbudsjett lagt ut til offentlig ettersyn i 14 dagar.
- 2) Det kommunale skatteøynet vert fastsett til dei maksimalsatsar som Stortinget vedtek.

3) Kommunestyret vedtek følgjande for eigedomsskatteåret 2024 i Seljord kommune:

A. For eigedomsskatteåret 2024 skal det skrivast eigedomsskatt på kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum, jf. eigedomsskattelova § 3 første ledd bokstav c.

B. For eigedomsskatteåret 2024 skal det òg skrivast ut eigedomsskatt på eit "særskilt fastsett grunnlag" i samsvar med overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og 4 første ledd. Det særskilte grunnlaget skal i 2024 vere lik 1/7 av differansen mellom eigedomsskattegrunnlaget i 2018 og 2019 som er forårsaka av at produksjonsutstyr og installasjonar ikkje skal reknast med i grunnlaget for verk og bruk, som frå og med 2019 blir rekna som næringsseigedom.

C. Den alminnelege eigedomsskattesatsen for skatteåret 2024 er 7 promille. Jf. eigedomsskattelova § 11 første ledd.

D. Eigedomsskatten vert skriven ut i tre terminar, jf. eigedomsskattelova § 25 første ledd, med forfall 20. mars, 20. juli og 20. november.

4) Kommunestyret vedtek løyvingar og finansiering i økonomiplanen sin investeringsdel, deriblant for investeringsbudsjettet 2024, slik det går fram av oppstillinga *løyvingsoversyn etter § 5-5, 1. og 2. ledd* som vist i det framlagde budsjettdokumentet frå kommunedirektøren.

Kommunestyret vedtek ei låneramme på kr 33.988.000 til finansiering av investeringsprosjekta, og med 30 år som nedbetalingstid for låneopptaket. Kommunedirektøren får fullmakt til å ta opp lån innanfor denne ramma, og i tillegg låneopptak for inntil kr 10.000.000 til Startlån i 2024.

5) Kommunestyret vedtek løyvingar og finansiering i økonomiplanen sin driftsdel, deriblant for driftsbudsjettet 2024, slik det går fram av oppstillinga *løyvingsoversyn drift etter § 5-4, 1. og 2. ledd* som vist i det framlagde budsjettdokumentet frå kommunedirektøren.

6) Kommunale avgifter vert vedtekne etter prinsippet om sjølvkost. Innan VARFS-området (vatn, avløp, renovasjon, feiing og slamtøming) vert sjølvkost rekna ut i frå prinsippet om 100 % dekningsgrad. Andre kommunale prisar og gebyrsatsar blir vedtekne slik det går fram av Gebyroversikten.

7) Det igangsettast eit omstillingsprosjekt som skal skape varige endringar for ei sunn økonomisk drift og dimensjonering og organisering av tenester i heile kommunen. Omstillingsbehovet er berekna til 10 mill. kr.

## Vedlegg

### 1 Budsjett og økonomiplan 2024-2027